

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 107

Fylke: Møre og R.dal

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Kvernes, no Averöy

Emne: Stell øg v linplagg etter vask Bygdelag: Kvernes

Oppskr. av: L. J. Mork, 80 år

Gard: Mork i Kvernes

(adresse): Afset

G.nr. 10 Br.nr. 8

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. ~~Mest~~ etter eiga røynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I. Galatting.

Sp. 1 - 14. Det under desse sp. omspurte, både namnet glatting, reidskapa og framgangsmåten, er heilt ukjent her. Ingen her veit noko om dette. Eg forstår det slik at dette gjeld handsaminga av tyet frå det er vaska til det vart vidare stelt etter vasken: rulling, stryking m. v.

15. Til stryking vart brukte strykejarn. Dette vart i gamal tid gjort med eit jarn, opent inni, der det vart lagt eit ~~ø~~ omnen oppvarma stykke kork. Seinare vart ~~strykejarn~~ jarnet varma opp ved glödande trekol som vart lagt inni jarnet. Kompakte jarn vart og brukte, dei vart varma opp i omnen - på glör. Det var skredarane som brukte desse, og da til å leggja meir varig pers, f. eks. på dressar, og dei vart kalla perssejarn.

Sist - før vi fekk det elektriske jarnet - vart brukt strykegryte. Denne hadde fleire jarn, oftast 3, som vart varma opp i ~~strykegryte~~ ei panne på omnen. Dei vart brukt både til perssing og stryking.

No er alle desse gått av bruk og erstatta av det elektriske strykejarnet. Her på garden, og i bygda ellest, fekk vi det første el. jarnet i 1926.

II. Stiving

16. Her var det for det meste berre ermar og halskragar på skjorter som vart stiva.

17 - 23. Før vanleg stivelse vart å få kjøpt var her vanleg å laga stivelsen heime, av sur skommomjöl blanda med potetmjöl - undertida og kveitemjöl. Voks har eg og høyrt vart brukt, men til kva plagg veit eg ikkje. Blåfarge vart tildels brukt, tilsett ved stryking av florgardiner.

Den kjøpta stivelsen i pulverform vart löyst opp i vatten, og ved all stivelse vart tyet dyppa ned i den opplöyste stivelsen

Plagget vart strykt tört.

At plagga skulle brettst på nokon bestemt måte har eg ikkje høyrt.

III. Felling

24 - 34. Her gjeld det same som er sagt for sp. 1. - 14.